

Spørsmål til fylkesutvalet, 29.oktober 2020

Mottekne spørsmål

1. Arve Helle (AP); Om fordeling fylkeskommunale arbeidsplassar på lokasjonane i Bergen, Førde og Leikanger

«Eg har ved fleire høve blitt møtt med påstandar om nedgang i antal fylkeskommunale arbeidsplassar på Leikanger.

Samstundes registrerte eg at fylkesrådmannen i sin tale til fylkestinget sist gjorde greie for at ein er i rute i høve intensjonsavtalen når det gjeld arbeidsplassar i Bergen, Leikanger og Førde.

Kan fylkesrådmannen gjere greie for status for den fylkeskommunale verksemda på dei tre nemnde lokasjonane?

Og korleis er fordelinga mellom dei ulike avdelingane/etatane der; har nokon fått auke, medan andre er reduserte?»

Fylkesrådmannen gir slikt svar:

Fylkeskommunen sin lokasjon på Leikanger har hatt ein auke i 84 tilsette etter 1.1.20. Av desse er 71 nyttilsette i avdeling for infrastruktur og veg, der 52 vart overført frå Statens vegvesen og 19 rekruttert eksternt. I tillegg er det 13 nye tilsette på Leikanger, med 8 i avdeling for organisasjon og økonomi (ein er overført frå Statens vegvesen), 4 i avdeling for strategisk utvikling og digitalisering, og 1 i avdeling for innovasjon og næring. Nokre av desse stillingane er overført frå Bergen, medan resten er nyoppretta stillingar. Nettoauke i Leikanger er på 31 stillingar.

Vår lokasjon i Førde har fått ein auke på 2 tilsette siden 1.1.20, med 2 nye stillingar innanfor avdeling for kultur, idrett og inkludering.

I administrasjonssenteret i Bergen er det 143 tilsette på avdeling for infrastruktur og veg. Langt dei fleste av desse er overført og nyttilsette frå Statens vegvesen frå 1.1.2020, medan omlag 32 tilsette vart rekrutterte eksternt. Som følgje av nye oppgåver og fylkessamanslåing er det også oppretta to nye stillingar i Bergen på eigedomsseksjonen i avdeling for organisasjon og økonomi, samt tre nye stillingar på avdeling for kultur, idrett og inkludering. Utover dette er det ikkje oppretta nye stillingar eller auke i tilsette på andre avdelingar i fylkesadministrasjonen på Sandsli i Bergen.

For å vidareføre tidlegare aktivitet og arbeidsplassar på dei tre lokasjonane i fylkesadministrasjonen var arbeidsdeling eit sentralt prinsipp i intensjonsavtalen. Alle tilsette kunne halde fram å arbeide der dei tidlegare var lokalisert, uavhengig av lokalisering av avdelingsleiing og seksjonsleiing. Dette prinsippet vart også lagt til grunn ved overføring av medarbeidarar frå Statens vegvesen.

Samstundes arbeider fylkesrådmannen med effektivisering i fylkesadministrasjonen og naturleg avgang, med sikte på å kunne redusere talet på tilsette over tid. Dette arbeidet har så langt ikkje bidrege til utslag i fordelinga av stillingar mellom lokasjonane.

Fylkesrådmannen vil hevde at det tidlegare nivået på fylkeskommunal verksemd i dei tre lokasjonane i stor grad er vidareført, og at det ikkje er grunnlag for påstanden om nedgang i talet på fylkeskommunale arbeidsplassar på Leikanger.

2. AP, SP, KrF, MDG, V og SV; Om oppfølging av einerettar i drosjenæringa

«I FU-sak 104/20 delegerte Fylkesutvalet til administrasjonen å arbeide vidare med einerettar for drosjenæringa. Argumentasjonen i saksframlegget var at dersom ein skulle innføre det, så var det ein langvarig prosess, og det var viktig å kunne gjere raske avklaringar i kvart enkelt tilfelle.

Sitat: "Frå det oppstår eit behov for einerett, til ein får innført forskrifta vil det etter dagens system kunne ta inntil eitt år. Denne tidkrevjande prosessen kan føre til at ein i enkelte kommunar vil stå utan eit tilfredsstillande transporttilbod i lengre tid, og kan gjere det komplisert å knyte eineretten til andre offentlege kontraktar som skuleskyss og pasienttransport. Det vert difor føreslått at denne mynda til å innføre forskrift om einerett vert delegert til fylkesrådmannen."

Den politiske debatten, både i SAMO og i FU, understreka kor viktig det var for kommunane å ha eit drosjetilbod. Og at det også var viktig for dei tilleggstene fylket har gjennom sørvisskyss, TT-ordninga, deler av skuleskyssen og andre fleksible transporttilbod. I etterkant har også Fylkestinget gitt ei fråsegn om drosjetilbodet i distrikta og oppmoda regjeringa til å legge helsekøyring inn i einerett-modellen.

Saka er på ny aktualisert ved at tidspunkt for innføring nærmar seg, og at ein ser at andre fylke kanskje kan ha ei meir omfattande tilnærming i saka.

Vi ber derfor om ei orientering om korleis det vert arbeidd med saka, kva kommunar ein har vore i kontakt med og korleis strategien er for å halde på eit godt drosjetilbod også i distriktskommunane når nytt regelverk er på plass.»

Fylkesrådmannen gir slikt svar:

Einerett gjeld for vanlege drosjeoppdrag, dvs. i enkeltturmarkedet. Den som får tildelt enerett får ikkje automatisk anna kontraktskøyring, som pasientreise eller skuleskyss. Det er opp til fylkeskommunen og kontraktssleverandørar eventuelt samkøyre kontraktskøyringa med einerett innanfor gjeldande regelverk, slik at eineretten inkluderer all køyring.

Vestland fylkeskommune starta arbeidet med plan for Einerett i januar 2020. Planen inneberer kartlegging av drosjemarknaden i fylket. Vi har gjennomført undersøkingar for å få på plass eit godt oversiktleg kunnskapsgrunnlag over drosjesituasjonen i kommunane i dag for å finne ut om det er behov for einerett i kommunane/ stadar i Vestland fylke.

I februar hadde vi møte med drosjebransjen i Bergen, og det var planlagt fleire møte med drosjebransjen for å informere og få tilbakemeldingar frå drosjebransjen. Men grunna korona vart nokre av desse møta avlyst. Vi har i staden vore i kontakt med ein del drosje-løyvehavarar for å tilegne oss kunnskap om drosjebehovet i kommunane. Vidare har fylkeskommunen informerte alle kommunane i Vestland fylke pr. brev, i januar/ februar 2020, om arbeidet med einerettar for drosje samt ønske om tilbakemelding frå kommunane. Fylkeskommunen mottok få tilbakemeldingar.

Fylkeskommunen har jevnleg kontakt med helseforetaka, aktuelle kommunar og busselskap. Det er foreteke kontakt/møte med rådmann og ordførar i dei kommunane som fylkeskommunen meiner er mest sårbare og som kan vere aktuelle for einerett for drosje.

Fylkeskommunen sin arbeidsmetode er å kartlegge kva drosjetilbod som er i kommunane i dag samt kartlegge kva type køyring som er aktuell, og som kan setjast saman dersom det blir behov for einerett. Dette kan vere (avheng av kva som er i den enkelte kommune) TT- køyring, køyring til/frå dagsenter og all køyring som er innan den aktuelle kommunen. Pasientkøyring, skulekøyring og arbeidskøyring er kontraktretta køyring som kan vere noko vanskelegare å samordne ettersom det alt er kontrakt med andre transportørar som går eit stykke fram i tid. Etter undersøkingar av drosjemarkedet er det funne at det er om lag 9 kommunar som kan vere aktuelle for å innføre einerett for drosje. Dette er kommunar som både har, og ikkje har drosjetilbod i dag.

Fylkeskommunane i Noreg har litt ulike måtar å gjennomføre einerett på i kommunane. Enkelte fylkeskommunar (Trondheim) har vedteke å ikkje innføre einerett, mens (Viken) har vedteke å innføre einerett i fleire kommunar frå 1. november 2020.

Fylkeskommunen har vurdert det hensiktsmessig å vente til etter 1. november 2020 for deretter å undersøkje drosjemarkedet og tilgang på drosjebilar i kommunane som er i Vestland fylke. Grunnlaget for vår vurdering er at det er usikkerheit i drosjemarkedet samt litt bevegelse når det gjeld oppseiing av drosjeløyve, nokre av oppseiingane er grunna korona epidemien. Men vi har hatt henvendelse frå nye aktørar som ønsker å starte opp med drosje i kommunane (både i by- områda og distrikta) når dei nye regelendingane trer i kraft 1. november, dvs. når bl.a. behovsprøvinga er fjerna.

Einerett kan tildelast kommunar når som helst, når det er vurdert nødvendig. Arbeidet med einerett vil slik sett vere ei kontinuerleg arbeidsoppgåve for fylkeskommunen.